

# Tilbake fra tre års ekspedisjon i Antarktis

Rart å byte sommarsol med Oslokulde.

**189** synes geodet Sigurd Helle

Så er leiaren for den norske vitenskapelege ekspedisjonen i Antraktis, setesdølen Sigurd Helle tilbake igjen etter vel tre år i isøydemarka. Vi møtte han midt i folkemyldret i går, urørd av møtet med hovedstaden. Det var som om han var komen tilbake etter ein kort ferie på Geilo.

Han skilde seg ut frå andre med sin brune ansiktsfarge. Og det var vel ikkje så merkeleg om han var litt påskebrun, for da han for 5—6 veker sidan drog frå Antarktis, var det full sommar der nede med sol natt og dag, over vide snøvidder — og med ein maksimumstemperatur på pluss 2 grader Celsius. Det såg ut som han fraus i den råkalde Oslo-lufta.

— Men når vi hadde vinter, var det minus 47 grader, seier han. — Hardaste vintermånaden var september. Men vi fraus ikkje, for stasjonen kom etter kvart til å ligge under snøen, og når vi skulle ut, måtte vi klive opp gjennom ei takluke i gangen. Vi hadde varmluftanlegg, og to aggregat skaffa straum til lys og kokeplate — og til vaskemaskinen og symaskinen. Vatn fekk vi med å tine snø i eit oljefat.

Dei første to åra var ekspedisjonen på 14 mann, siste året var det ni. Ingen hadde bunde seg for meir enn to år, og vi var berre tre mann som stogga der nede heile tida. Og i dag syns eg ikkje at desse tre åra var så lange. Det einaste måtte vere den siste månaden. Da venta vi hardt på «Polarbjørn» som hadde kjørt seg fast i isen, og kom tre veker etter fastsett tid. Så brukte vi fem veker med båt fram til Ålesund, og sette foten på norsk jord den 23. januar.

Geodeten Sigurd Helle er elles ein mann av få ord, og sjølv meiner han at det ikkje hende stort under ekspedisjonen som det er verdt å dra fram. Vi gjorde dei vanlege observasjonane kvar tredje time døgret rundt, fortel han. — Vi sende opp ballongar to gonger dagleg, sende meldingar heimover og heldt kontakten med dei andre lands ekspedisjonar gjennom morsemeldingar. Ein stor del av observasjonane var automatiske, vi hadde såleis eit apparat som kvart minutt fotograferte heile himmelrømda for å registrere sørlyset. Elles dreiv vi med kartlegging og glasiologiske og geologiske granskingar.

— Geologiske granskingar midt i snøen?

— Å, vi hadde fjell eit par hundre kilometer unna. Dit drog vi med hundspann, tok turar på opp-til 450 km. Vi hadde 40 bikkjer med oss nedover, da vi reiste tilbake hadde vi 12 som vi overlet til den sørafrikanske ekspedisjonen som ervde leiren etter oss. Siste året brukte vi bikkjene helst berre til kjæledyr.

— Det fans vel ikkje andre dyr der nede?

— Nede ved kysten var det kobbe og fire fugleslag, bl. a. pingviner.

Vi hadde gjesting av tre pingviner som rusla 350 km frå kysten og opp til leiren vår da vi dreiv og bygde. Dei gjekk og glante på oss i dagevis. Hundane åt opp to av dei, den tredje rusla tilbake etter ei veke.

— Sjukdom og ulykke blant mannskapet var de fri for?

— Det var ein som braut foten det andre året der nede, men da hadde vi dokter med oss. Siste året hadde vi ingen dokter i leiren. Da hadde vi rett nok eit sjukdomstilfelle, men vi kontakta Haukeland sjukehus og fekk greie på korleis vi skulle stelle den sjuke.

— Kontakten med heimlandet var altså i orden?

— Vi hørde på norsk kortbølgesending kvar dag, og hadde god greie på det som skjedde her heime — enda om vi berre fekk brev og aviser ein gong i året.

— Og sakna hverken film eller teater?

— Nei, da. Tenk på dei utover i bygdene som aldri ser slikt. Nei, sakna vi noko? undras han. — Ja, eg sakna Bondeungdomslaget og fredagsmøta der. Medlemskapen min er elles i orden, for eg skreiv



Leiaren for den norske ekspedisjonen, Sigurd Helle.

meg inn som livsvarig medlem før eg drog.

— Og nå blir det litt ferie i Setesdalen?

— Nei, nå blir det arbeid og atter arbeid. Kontoret mitt er stuvende fullt av kasser med materiale. Sun.